ALVER
KOMMUNE
Plan og byggesak

Audun Gjerde
Straumsvegen 15
5939 SLETTA

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Hanne Marie Evensen | 25.03.2020 |
| Vår: 20/6476 - 20/16407 | hanne.marie.evensen@alver.kommune.no | |

# Trong for tilleggsdokumentasjon GBNR 493/6 Straume

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Driftsbygning for mjølke produksjon |
| Byggjestad: | Gbnr: 493/6 |
| Tiltakshavar: | Audun Gjerde |
| Ansvarleg søkjar: | |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje opplyst om driftsbygninga skal koblast til offentleg eller privat avløp. Det må det opplysast om, samt at det må søkjast om løyve til utslepp.
2. Ved bruk av borehol må vasskvalitet og mengde dokumenterast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.04.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Hanne Marie Evensen |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Audun Gjerde | Straumsvegen 15 | 5939 | SLETTA |